

Fredag 20. og 27. august 2021 - unike opplevelser!

**Fra Stavanger med
ekspressbuss**

Spesialtilbud!

◇ Stavanger - Kristiansand tur/retur
med ekspressbuss konkurrenten.no

◇ 2 netter i dobbeltrom i Kristiansand

Kun kr 1.300,- per person

(Pris inkl Setesdal Kulturné kr 2.695,- per person)

Setesdal Kulturné

SETESDAL



Kirsten Bråten Berg



Gunnar Stubseid



UNESCO-program



Daniel Sandén Warg



Inger Lise Stulien

Vi gjentek suksessen; bli med heim til artistane!

Setesdal, midt i hjartet av Agder, er ikkje berre kjende for majestetiske fjell, gamal byggjeskikk, vakre bunadar og rike tradisjonar. Stev, dans og spel har fått plass på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv.

Setesdølane er stolte av sin levande folkemusikktradisjon og sterke kulturidentitet.

Inger Lise Stulien - kjend og allsidig artist, på Syrtveit, fekk idéen. Når artistane ikkje kan reise ut på turné, må publikum kome til artistane. Saman med Risdal Touring blei Setesdal Kulturné til, for at du skal få oppleve eit rikt mangfald; høyre variert musikk, smake kortreist mat,

beundre kunst og handverk, kjenne lukten av sau, sjå vakker natur og tradisjonell arkitektur.

Frå din heimstad, til artistane sin heimstad, fraktar me deg trygt i buss! Setesdal har vore ein kreativ dal gjennom alle tider. Artistar og musikarar har slått seg ned og funne sitt kunstneriske uttrykk både ved og utanfor setesdalskulturen. Den gode historien og dei artige, små forteljningane om folk og personlegheiter, og om myter og segner, vil me prøve å gje deg i ein attraktiv opplevingspakke. Ein lokalkjend guide vil følgje bussen under reisa. God fornøyelse!

Risdal Touring, Transportvegen 17, 4735 Evje

Telefon: 37 93 15 15

www.touring.no

**RISDAL
TOURING**

Laurdag 21. og 28. august 2021

Velkommen til ein innhaldsrik dag med mange opplevingar!

Våre bussar startar ein i vest (Farsund) og ein i aust (Gjerstad) med påstigningar undervegs. Det blir lagt opp til fleire bussar og avgonger om påmeldingane tilseier det. Dei som vil, kan og møte hos Risdal Touring AS på Evjemoen kl 10.00 og reise vidare med buss. Me følgjer sjølvsgatt smittevernreglane som gjeld den aktuelle tida. Reiser du aleine, får du eit dobbeltsete for deg sjølv. Reiser de saman, kan de sitje saman.

For bussen som kjem sørfrå blir fyrste stoppen hos **Inger Lise Stulien** på Syrtveit. Med sauer på beitet ønskjer ho og familien deg velkommen til gards med heimebakst, vakre toner og raus gjestfriheit. Ho held konsert for deg saman med hennar musikarar, **Knut Kjetil Møen** på gitar og **Kim Roger Larsen** på piano. I nystova er salsutstilling av setesdalsinspirert kunst og design. **Lise Stubbings** er designeren bak setesdalskjolane. Måleri av kunstnaren **Dag Telhaug** og litografi av kunstnaren **Mona Ida**.

Me stoppar innom den sjarmerande festivalbygda Ose. **Ose Turistheim** oser av tradisjon og reiseminne frå gamle dagar. Den kjende og karismatiske bluesmusikaren, **Johnny «Guitar» Augland**, held minikonsert og kiosken er open.

Etnolog og spelemann, **Gunnar Stubseid**, inviterer oss inn på sitt vakre Setesdalstun på Helle i Hylestad. Han har stor interesse for gamle hus og veit å ta vare på bygningane på garden. Han vil fortelje om gamle tradisjonar, og vil spele ein slått for deg på hardingfela si, som han trakterer framifrå.

Nytt i år er **Gomes hus** på Nomeland. Ein nyoppstarta, enkel og liten gardsbutikk der det meste er heimelaga. Plantefarging av naturmateriale, honning, lys, såper, med meir. I kjellaren blir det utsal av mellom anna gjenbruksmateriale. Ein sylvsmed vil demonstrere lagging av søljer og smykker, og utandørs blir det oppvisning med gjeterhund, og du kan titte innom eit stabbur frå 1349.

På **Sylvartun** vil du treffe kvedardronninga, **Kirsten Bråten Berg**. Ho er folkemusikar, sylvsmed og blei utnevnt til ridder av 1. klasse av St. Olavs Orden for sin innsats som kunstnar og kulturformidlar. Ho syr saman eit UNESCO program saman med fleire utøvarar frå dalen - deriblant nye talent som kvedaren **Eldbjørg Trydal Rysstad**, i tillegg til dansarane **Birgit Anette Helle**, **Lars Rysstad Nordgreen** og felespelaren **Daniel Sandén Warg**. Her får du oppleve ekte folkemusikktradisjon av dyktige kulturberarar.

På **Sølvgarden Hotell & Feriesenter** på Rysstad blir det servert deilig, varm lunsj for våre grupper. Eit kortreist og tradisjonsrikt måltid i hyggeleg atmosfære.



Litografi av Mona Ida



Johnny «Guitar» Augland
Foto: Johs. Bjørkeli



Foto: Setesdalsmuseet



TURPRIS

Dagstur kun kr 1.395,- pr person

Turprisen inkluderer:

- ♦ Erfaren sjåfør og heilturistbuss
- ♦ Velorientert reiseleiari/ turguide
- ♦ Kaffe og kringle hos Inger Lise på Syrtveit
- ♦ Varm lunsj, dessert og kaffe på Sølvgarden
- ♦ God stemning og hyggelege omgjevnader
- ♦ Kulturelle opplevingar
- ♦ Alle vegavgiftar og bompengar

Honorarfondet i Setesdal bidreg økonomisk til at arrangementet er mogleg å gjennomføre. Takk!

Atterhald om endringar som følgje av omstende utanfor vår kontroll!

Risdal Touring, Transportvegen 17, 4735 Evje

Telefon: 37 93 15 15 www.touring.no

RISDAL
TOURING